



Holgensen-hytta får ein fantastisk beliggenheit like innforbi Jektholmen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Enda ei hytte er under byggjing på Skorpo og fleire er på teiknebrettet.
Det siste prosjektet er det Hjørdis og Willy Holgensen i Uskedalen som står bak.**

Dette er den første hytta uskedelingen Frode Bu (Byggpartner Kvinnherad) byggjer på denne ferieperla, men det er kjem stadig nye hytteprosjekt der.



Frå Skorpo – og også frå den nye hytta til Hjørdis og Willy Holgensen – er det ein fantastisk utsikt innover fjorden – med Snilstveitøy og Melderskin i fokus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

”Skjelettet” kom med 16 helikopterhiv frå Trelastlageret for snart to veker sidan og allereie no er Bu og kollega Tore Ruud godt i gang med byggjinga ved Nordre Skorpevågen, innforbi Jektholmen.
- Om to-tre veker reiknar eg med at hytta skal vera reist og isolert innvendig, slik at ho er klar til tork, sa Frode då uskedalen.no var innom tysdag.



Kristtornen på Skorpo er eit praktfullt kapitel for seg. (Foto: Ola Matti)

Deretter skal Frode byggja det mykje omtala våningshuset på Rød. Når han har fått opp dette skal det naturleg nok gjennomgå den samme tørkeprosedyren som hytta. Derfor vil han truleg vera tilbake på Skorpo like over jul.

Etter ny helikoptertransport, denne gongen av inventar, vil siste etappe av byggjinga ta tre-fire veker. Dermed kan Hjørdis og Willy Holgensen sjå fram til fullføring av den nye hytta før februar er omme, hvis alt går etter planen.

Mathisen)

Frode har jobblista full fram til sommaren og slår fast at det har vore bra med oppdrag sidan har starta eige firma i 1998. Og dei to siste åra har det vore meir å gjera enn tidlegare.

For det meste driv han med husbyggjing, men det er også eit anna unntak i Uskedalen nett no: Han har også teke på seg å reisa råbygget til det nye bygget som E&M Holding skal ha opp ved sida av det tidlegare samyrkelagsbygget.

Arbeidet starta her måndag og Bu satsar i dette tilfellet på polsk arbeidskraft, som han ikkje kan få fullrost.

Av Ola Matti Mathisen



Frode Bu og Tore Ruud i arbeid på Holgersens hytteprosjekt på Skorpo. (Foto: Ola Matti Mathisen).